



Aurland, 17.06.2011

Landssamanslutninga av vasskraftkommunar - LVK

Vår ref.
11/172-4

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Bjørn Sture Rosenvold, 57 63 29 51

Arkiv
K1-040, K1-232, K3-
&13

Uttale om eigedomsskatt for kraftanlegg

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

FS-036/11 VEDTAK:

Aurland kommune meiner at den mellombelse ordninga med minimums- og maksimumsverdiar i eigedomsskattelova § 8 fjerde ledd må fjernast.

Berekningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta vert harmonisert med andre eigedomar med lang tidshorisont, noko som vil føre til at renta aukar. Etter kommunen sitt syn bør dette kunne være ca 5 %. Dette vil gje ein moderat inntektsauke for dei 200 kommunane dette gjeld

Ei slik endring vil gi vertskommunane ein rett til ein del av den framtidige verdiskapinga som skjer i kommunen. Den vil også fjerne grunnlaget for påstandar om at maksimumsordninga inneber ulovleg statsstøtte, og vil føre til at ein gjeninnfører dei eigedomsskattereglane som samsvarar med prinsippa i eigedomsskatteretten elles.

ECO Energi AS har store utbyggingsplanar i Aurland kommune. Endringa vil også gi kommunen viktig insentiv til å gje sin tilslutnad til ytterlegare vasskraftutbygging, noko som er viktig for å nå måla i fornybarpolitikken.

For at skattesystemet skal vera eit insentiv, er det viktig at ikkje berre eigarane av kraftføretaka haustar av auka verdiskaping i form av utbytte (eks. 2,8 milliardar til Oslo i 2010)

Aurland kommune vil be om at Finansdepartementet legg fram den økonomiske verknaden av endring i kapitaliseringsrenta.

Aurland kommune viser elles til uttale frå LVK som vi gjev vår fulle tilslutning til.

Samrøystes

.....

16.06.2011 KOMMUNESTYRET

KS-048/11 VEDTAK:

Aurland kommune meiner at den mellombelse ordninga med minimums- og maksimumsverdiar i eigedomsskattelova § 8 fjerde ledd må fjernast.

Berekningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta vert harmonisert med andre eigedomar med lang tidshorisont, noko som vil føre til at renta aukar. Etter kommunen sitt syn bør dette kunne være ca 5 %. Dette vil gje ein moderat inntektsauke for dei 200 kommunane dette gjeld

Ei slik endring vil gi vertskommunane ein rett til ein del av den framtidige verdiskapinga som skjer i kommunen. Den vil også fjerne grunnlaget for påstandar om at maksimumsordninga inneber ulovleg statsstøtte, og vil føre til at ein gjeninnfører dei eigedomsskattereglane som samsvarar med prinsippa i eigedomsskatteretten elles.

ECO Energi AS har store utbyggingsplanar i Aurland kommune. Endringa vil også gi kommunen viktig insentiv til å gje sin tilslutnad til ytterlegare vasskraftutbygging, noko som er viktig for å nå måla i fornybarpolitikken.

For at skattesystemet skal vera eit insentiv, er det viktig at ikkje berre eigarane av kraftføretaka haustar av auka verdiskaping i form av utbytte (eks. 2,8 milliardar til Oslo i 2010)

Aurland kommune vil be om at Finansdepartementet legg fram den økonomiske verknaden av endring i kapitaliseringsrenta.

Aurland kommune viser elles til uttale frå LVK som vi gjev vår fulle tilslutning til.

Samrøystes

.....

Med helsing



Bjørn Sture Rosenvold
prosjektleder